

Aktuelle nettadresser:

[www.psykisk.no](http://www.psykisk.no)

[www.mentalhelse.no](http://www.mentalhelse.no)

[www.psykiskhelse.no](http://www.psykiskhelse.no)

[www.psykiskhelseiskolen.no](http://www.psykiskhelseiskolen.no)

[www.verdensdagen.no](http://www.verdensdagen.no)

### *Heng håpet på veggen*

*Heng håpet på veggen*

*Som vakre bilete*

*Å kvila augo på*

*Ei strand, eitt fjell, ein draum.*

*Enno er noko att, uoppdaga, uutforska.*

*Enno ventar lysande gleder.*

*Bente Bratlund Mæland*

### SLIK KAN DU TA KONTAKT

Alle som ønskjer eller har behov for å snakke med psykiatrisk sjukepleiar kan ta direkte kontakt og be om ein avtale. Fastlegen, skulen, helsesjukepleiar eller familie kan også formidle kontakt med tenesta.

#### Opningstider:

**Mandag – Fredag 08.00- 15.30**

Avdelingsleiar Psykisk Helseteneste og psykososialt kriseteam. Nancy Bøhn  
Helgesen tlf: 53 74 82 22  
[nancy.helgesen@sveio.kommune.no](mailto:nancy.helgesen@sveio.kommune.no)

Psykiatrisk sjukepleiar:  
Ingunn T. Rydningen 53 74 82 23  
[ingunn.tungesvik.rydningen@sveio.kommune.no](mailto:ingunn.tungesvik.rydningen@sveio.kommune.no)


Psykiatrisk sjukepleiar:  
Reidun Eriksen Ese 53 74 82 21  
[reidun.eriksen.esce@sveio.kommune.no](mailto:reidun.eriksen.esce@sveio.kommune.no)

#### Adresse:

Psykisk Helseteneste,  
Helse- og Rehabilitering  
Sveio Omsorgssenter, Løkjavegen 35  
5550 Sveio

## Psykisk helseteneste

Helse- og rehabiliteringsavd i Sveio



Meistre heile livet

## TENESTA

Psykisk helseteneste er eit kommunalt helsetilbod til alle som bur i kommunen.



Tilbodet er retta mot menneske som har psykiske helseproblem og har behov for hjelp og støtte, i utgangspunktet basert på samtalar med spesialsjukepleiar innan psykisk helsearbeid.

## EIN BETRE KVAR DAG

Målet for det psykiske helsearbeidet er å hjelpe folk som slit med psykiske plager til å få ein betre kvardag – til betre å kunne meistre utfordringar i kvardagen og i livet.

Psykisk helseteneste sitt helsetilbod er såkalla lågterskel-teneste, og det er ikkje krav om skriftleg søknad – du kan ta direkte kontakt og avtale time.

Psykisk Helseteneste har fokus på endringsarbeid – ved å snu eit negativt tankemønster for å lette vegen vidare.

Ved langvarig og samansett behov for psykisk helsehjelp, blir det fatta vedtak på dei tenester du får tilbod om. Det

kan også vera aktuelt å få psykisk helsehjelp frå avdelinga Bu, miljø og meistring – som bl.a driv dagsentertilbod med ulik gruppeaktivitet

## BARN OG UNGE



Barn og unge under 18 år kan også få tilbod og psykisk helsehjelp i kommunehelsetenesta. Spesialsjukepleiar psykisk helse har eit nært samarbeid med helsestasjonen.

Tilbodet er retta både mot enkeltpersonar og mot grupper. Me samarbeide tverrfagleg med skular, barnehagar og andre instansar når det er relevant, og det er signert samtykke frå foreldra om det. Ein kan ta direkte

kontakt med Psykisk helseteneste og melde behov for hjelp fortløpande til seg sjølv eller sine barn i ein psykisk vanskeleg livssituasjon.

## TILBODET

- \* samtalar med psyk. sjukepleiar
- \* familie og pårørandearbeid
- \* forebyggande psyk helse arbeid

Psykisk helseteneste tilrettelegg tenester og tiltak i tett samarbeid med andre aktørar, til dømes helsestasjonen, fastlegen, spesialisthelsetenesta, heimesjukepleien, skulane, NAV.

Tenestene er kostnadsfrie.

Tilbodet vert tildelt etter kva behov den enkelte har, og kan derfor variera i omfang og innhald.

Tenesta driv også opplysnings- og informasjonsarbeid for å skape større forståing og bryte ned fordommar omkring psykiske lidingar og livsvanskar.